



Lid Gard V Even Askeland  
Mykingvegen 160  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4188 - 20/30526

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
25.05.2020

## **Landbrukssak gbnr 211/5 Eikangerlien - Svar på søknad om bygging av landbruksveg**

**Administrativt vedtak: Saknr: 534/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Even Askeland løyve til bygging av omsøkt veg.**

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

**Vedtaket er gyldig til 30.04.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2**

### **Saka gjeld**

Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 211/5 Eikangerlien i Alver kommune. Det skal byggast ca 900m veg i vegklasse 4 og ca 1200 meter i vegklasse 7, landbruksvegklasse, for å gje tilkomst til skogen og utmarka på garden. Vegen vil og gje tilkomst for naboar.

### **VURDERING:**

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen.

Sjå svar under frå fylkeskommunen:

*Vi viser til brev datert 30.03.2020 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Eikangerlien i Alver kommune.*

*Arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomførte ei synfaring i området 11.05.2020. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med det omsøkte tiltaket.*

*Det vart ikkje påvist synlege automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg nasjonal eller regional verdi under synfaringa. Det er ikkje trong for ytterlegare arkeologiske registreringar.*

*Vi ber likevel om at det vert teke omsyn til eventuelle kulturlandskapstrekk som til dømes steingardar, bakkemurar, tufter, eldre vegfar m.m.*

*Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd.*

*Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.*

*Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka i samband med kulturminne.*

### **Regelverk**

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4188

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 21 1/5 Eikangerlien

**Mottakarar:**

Lid Gard V Even Askeland

Mykingvegen 160

5913

EIKANGERVÅG